



Hordaland fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/705 - 15/5088

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:

23.11.2015

Fråsegn til planprogram for regionalt transportplan for Hordaland

Det vert vist til høyringsnotat datert 28. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune om framlegg til planprogram for RTP for Hordaland 2018-2029 med utsett høyringsfrist sett til 27. november.

Framlegget til planprogram for ny regional transportplan gjev ei systematisk og god oversikt over aktuelle plantema. Masfjorden kommune vil likevel be om at følgjande tema vert teke omsyn til:

Viktige omkjøringsvegar for riksvegar:

Inndeling av vegnettet i statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå er naturleg, men kan gje utilsikta verknader. Vegar plassert på feil nivå kan lett falla «mellan to stolar». Kommunen vil i den samanheng peika på at Fv 570 frå Andåskrysset ved E39 til Masfjordnes/Duesund og fylkesveg 379 frå Mollandseid inn til E39 ved grensa til Sogn og Fjordane er ein viktige omkjøringsveg når E39 vert stengt. Masfjorden kommunestyret godkjente i mai 2015 reguleringsplan for utbetring av fylkesveg 570 mellom Einestrond i sør og 6 km nordover til Nordre Kvinge. Utbetring av denne strekninga vil medføra at mange viktige flaskehalsar på denne fylkesvegen langs Austfjorden vert fjerna. Når ferja over Fensfjorden (Sløvåg-Leirvåg) får problem, er også denne strekninga viktig omkjøringsveg for transport til og frå Gulen kommune og for næringslivet der. Vidare vil ein gjera kjent at Masfjorden kommune har starta reguleringsplanarbeid for bru over Masfjorden, og at ei bru meir enn alle andre tiltak vil styrka fylkesveg 570 som viktig omkjøringsveg i Nordhordland, og for utviklinga vidare av Masfjorden kommune og store deler av Gulen kommune. Ved å ta dette inn som eit eige tema sikrar ein ei planfagleg drøfting og fokus på kva tiltak som er viktig for å styrka transportberedskapen i Hordaland (jf. TransportROS2010) for denne typen vegar. Masfjorden kommune oppmodar difor fylkeskommunen til å ta inn eit eige tema i planen ved å nytte inndelinga;

1. Overordna fylkesvegnett 2. Viktige omkjøringsvegar 3. Øvrige fylkevegar

Rassikring:

Masfjorden er ein rasutsett kommune og fylkesvegane er viktige livsnerver. Det er viktig at arbeidet med rassikring vert vidareført med full tyngd, og at nye strekningar vert prioriterte på

grunnlag av revisjon av noverande plan.

Prioritering av fylkesvegar som ikkje er del av overordna fylkesvegnett:

Fylkesvegnettet er delt i to, overordna og andre fylkesvegnett. Vegar klassifisert som andre fylkesvegnett kan vera viktige for utviklinga i ein kommune og for nabokommunar, men ha låg prioritet frå fylket. Utvikling av bustad-, næringsareal og område for anna utvikling kan på denne måten verta «låst inne» fordi ein veg ikkje vert rusta opp, og positiv verdiskaping kan gå tapt. Underteikna vil oppmoda fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen. I Masfjorden kan ein spesielt nemna fylkesveg 381 frå Matre til Stordalen, som går gjennom eit viktig rekreasjonsområde for heile Nordhordland, og som har stor potensial for vidare vekst knytt til reiseliv og fritidsaktivitetar om fylkesvegen vert utbetra og drifta på ein god måte. Masfjorden ber om at planprogrammet også har fokus på vegar som kan styrke satsinga innanfor reiseliv og bærekraftige næringar i utkantområda av Hordaland.

Finansieringsformar inkludert ferjeavløysingsmidlar:

Masfjorden kommune ser svært positivt på det som står i *kap 5.5. Finansiering* og at temaet *ferjeavløysingsmidlar* får spesiell merksemd. Vidare er kommunen svært glad for at ein i arbeidet med ny RTP skal utgreia potensialet for bruk av bompengar til standardheving på fylkesvegnettet, samt at ein skal kartlegga og vurdera finansieringspotensialet i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar. Masfjorden kommune ber om at ein nyttar planlagd ny bru over Masfjorden som konkret døme i denne delen av planarbeidet, mellom anna fordi dette tiltaket kan ha stor overføringsverdi for andre liknande ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland.

Organisering, prosess og medverknad:

Masfjorden kommune ber om at det i planprogrammet på side 24 under *Temagrupper* vert konkretisert behovet for ei eiga temagrupper som skal arbeida konkret med det siste punktet under utgreiingsbehov i kap 5.5, der det står:

Kartleggje og vurdere finansieringspotensialet i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar (alternativ bruk av ferjesubsidiar) for aktuelle ferjesamband i fylket.

Organisering av ei slik temagruppe bør etter vår vurdering koma tidleg i arbeidet med RTP, slik at kunnskapen om denne nye aktuelle finansieringsforma, (samt med lokal vilje til finansiering) vert lagt til grunn for arbeidet med utforming av både delmål og strategiar i plandokumentet, samt når det framtidige handlingsprogrammet vert utforma.

Med dette ønskjer Masfjorden kommune lykke til med det vidare arbeidet med Regional Transportplan Hordaland 2018 – 2029.

Venleg helsing

Karstein Totland
Ordførar

Sveinung Toft
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

Pb 7900

5020

BERGEN